



Margit og Bjørgulv Eik framfor porten til Uskedal kyrkje. Dei har vitja alle kyrkjene i kommunen.

Sist søndag, 17.04., var Margit og Bjørgulv Eik på gudsteneste i Hatlestrand kyrkje. Dermed har ekteparet frå Eik besøkt alle dei 12 kyrkjene i Kvinnherad kommune. Etter at dei for nokre år sidan var i Fjelberg kyrkje, var det berre denne kyrkja på nordsida av fjorden som stod att.

Bjørgulv fortel at dei hadde planlagt ei vitjing i Hatlestrand kyrkje, og sist søndag vart det, og då var det gudsteneste med konfirmantoverhøyring. Det som nok vil overraska mange, er at kyrkja på Hatlestrand er såpass liten. Det er faktisk den nest minste kyrkja i kommunen når det gjeld sitjeplasser(140). Berre den eldste kyrkja, Ænes kyrkje, har færre sitjeplasser med 120.

Bjørgulv kan fortelja at han og Margit sjølv sagt har hatt fleire besøk i dei fleste kyrkjene. Det har vore gudstenester, gravferder, bryllup og konsertar for å nemna noko. Såleis har dei vore fleire gonger i Varaldsøy kyrkje, kyrkja med flest sitjeplasser (390). Første gongen ligg også mange år tilbake då han var der i samband med ein konsert der musikklaget deltok.

Av kyrkjene er det berre Ølve, Hatlestrand og Fjelberg dei har besøkt ein gong. I dei andre har dei vore fleire gonger.

Vi tar med ei liste over kyrkjene Bjørgulv og Margit Eik har besøkt, med byggjeår og antal sitjeplasser i parantes:

- Varaldsøy kyrkje (1885, 390 sitjeplasser)
- Ølve kyrkje (1861, 230 sitjeplasser)
- Hatlestrand kyrkje (1885, 140 sitjeplasser)
- Ænes kyrkje (1200, 120 sitjeplasser)
- Kvinnherad kyrkje (1255, 380 sitjeplasser)
- Åkra kyrkje (1735, 225 sitjeplasser)
- Uskedal kyrkje (1914, 226 sitjeplasser)

Husnes kyrkje (1874, 280 sitjeplasser)
Valen kyrkje (1978, 300 sitjeplasser)
Holmedal kyrkje (1815, 200 sitjeplasser)
Eid kyrkje (1824, 180 sitjeplasser)
Fjelberg kyrkje (1722, 160 sitjeplasser)

I Kvinnherad er det som kjent to steinkyrkjer (Kvinnherad og Ænes). Resten er bygt i tre. Valen har den klart yngste kyrkja. Det er også ei arbeidskyrkje. Det er grunn til å merka seg at den nest siste kyrkja som vart bygd, er vår eiga kyrkje her i Uskedalen. Dei to eldste trekyrkjene finn vi på Fjelberg og i Åkra. Begge vart bygde på første halvdel av 1700-talet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

Kjelde: www.kyrkjesok.no